



*Hardanger / Voss kompetanseregion*  
*Vurderingsgruppa*

# **VURDERINGSRAPPORT**

## **VINES SKULE**



**10. - 12. SEPTEMBER 2002**



# *Hardanger / Voss kompetanseregion*

## *Vurderingsgruppa*

### **1 Føreord**

#### **Regionalt samarbeid om vurdering og kvalitetsutvikling**

Med utgangspunkt i Stortingsmelding nr. 28 (1998-99) "Mot rikare mål", vart det sett i gang eit 3-årig nasjonalt prosjekt : "Ekstern deltaking i lokalt vurderingsarbeid". Hordaland søkte, men kom ikkje med i prosjektet.

Likevel var signala der, og kommunane vart oppmoda om å jobba med kvalitetsutvikling og vurdering. Desse signala er forsterka i Kvalitetsutvalet si delinnstilling av 14. juni 2002 "Førsteklasses fra 1. klasse".

Skulesjefane/dei skulefagleg ansvarlege i kommunane i Hardanger/Voss har såleis vedteke å oppretta ei vurderingsgruppe i regionen. Regionen består av mange små kommunar som kvar for seg ikkje maktar å gjennomføra ekstern vurdering. I det regionale samarbeidet er økonomiske og personlege ressursar samla og nytta på tvers av kommunegrensene på ein god og effektiv måte.

Føremålet er at vurderingsgruppa skal vera til hjelp i arbeidet med pedagogisk kvalitetsutvikling i skulen.

- Sikra kvalitetsutvikling
- Erkjenning av at skulen treng, og kjem til å få "auge utanfrå"
- Ekstern hjelp i vurderingsarbeidet
- Oppfylle kravet i Opplæringslova om kommunen sitt ansvar for å sjå til at skulane jamleg vurderer si eiga verksemd

#### **Kven er vurderar ?**

9 personar i Hardanger/Voss er medlemmer i vurderingsgruppa. Dei har brei og variert pedagogisk bakgrunn, og skal vurdera dei 48 grunnskulane i regionen i løpet av 6 år, dvs. 8 skular pr år. 2 frå gruppa (vurderingspar) gjennomfører vurdering på ein skule, og ingen vurderer skular i eigen kommune.

#### **Kva gjer vurderarane ?**

- Skulen vel eit fokusområde for vurdering, i samråd med skulefagleg ansvarleg i kommunen
- Vurderingsparet førebur sjølve vurderinga gjennom eit fyrste møte med skulen, utarbeiding av kriterium, metodeval og verktøy tilpassa det skulen ynskjer fokus på.
- Sjølve vurderinga vert gjennomført.

#### **Rapporten**

Vurderingsparet skriv ein rapport om resultatet av vurderinga. Rapporten trekker fram verksemda sine sterke sider, og kva utfordringar skulen har. Han gjev også informasjon om rammene for vurderinga – tidsbruk, metodeval, verktøy m.m.

Vurderinga tek ikkje mål av seg til å gje eit fullstendig bilete av skulen, men kanskje eit bidrag til kva ein skal arbeida vidare med innan det fokusområde som er vurdert. Det er ynskje at dei reiskapar og metodar som har vorte nytta, kan overførast til det interne vurderingsarbeidet skulen årleg arbeider med.



## *Hardanger / Voss kompetanseregion* *Vurderingsgruppa*

### **2 FAKTA OM SKULEN**

Vines skule i Ullensvang herad er eit oppvekstsenter som har eit 3- delt barnesteg og ein barnehage som er open 3 dagar i veka. Skuledelen av oppvekstsenteret har 5 pedagogar, inkludert rektor, og 30 born. Skulen er den einaste barneskulen i heradet som har 5 dagars skuleveke, og midttimeordninga med leik og leksegjering er svært populær.

### **3 VURDERINGSTEMA**

Vines skule har bede om vurdering på følgjande tema :

**Vines skule sitt arbeid med prosjektarbeid, med fokus på lærarrolla og læringsstrategiar.**

### **4 KRITERIUM/KVALITETSKRAV**

*Kriterium tyder her krav til kjenneteikn på god kvalitet. Dei fastsette kriterium er henta frå lov, regelverk, læreplanverk og skulen sine eigne planar. Når vurderingsparet gjennomfører ei vurdering, vert kriterium samanlikna med den informasjon som er samla om temaet gjennom intervju og observasjon på skulen, i tillegg til dei dokument som skulen har lagt fram.*

*Kriterium i denne rapporten er utforma av vurderingsparet, og godkjende av skulen.*

#### Kriterium:

- 1 Elevane er med på å velja problemstilling
- 2 Elevane meistrar ulike arbeidsmetodar og læringsstrategiar
- 3 Læraren fungerer som rettleiar
- 4 Ei medviten lærarrolle, og medvitne læringsstrategiar



## Hardanger / Voss kompetanseregion Vurderingsgruppa

### 5 DELTAKARAR I VURDERINGA

- Interne : Elevane i 4. til 7. klasse, og alle lærarane.
- Eksterne : Vurderingsparet

#### Grunngjeving for val av informantantar

I vurderingsarbeidet er det svært viktig å involvera dei partane det gjeld. Prosjektarbeid er, etter L-97, knytt til 6. og 7. klasse. På ein liten skule er det viktig å sjå heile miljøet i samanheng. Difor er det naturleg å snakka med alle tilsette, og dei andre elevane på skulen. Lærar på småskulesteget er ein viktig informant i høve læringsstrategiar.

Me fann det ikkje naturleg å nytta foreldre som informantar innan dette fokusområdet, men foreldra er informerte om vurderingsbesøket.

### 6 TIDSBRUK OG METODAR

#### Tid

*Det er avsett 1 veke til å vurdera ein skule. Dette inneber i hovudsak ein startdag der vurderingsparet møter skulen for fyrste gong for avklaringar og planlegging. Under sjølve vurderinga, er vurderingsparet på skulen i inntil 3 dagar. Skulen får rapporten umiddelbart etter vurderingsdagane. I forkant og undervegs førebear vurderingsparet informasjon, metodar, verktøy og driv informasjonsbearbeiding og oppsummeringar. Å gjennomføra ei kvalitetsvurdering på 3 dagar er knapp tid, og inneber ei avgrensing av vurderinga.*

#### **Tidsbruk på Vines skule:**

Vurderingsparet var på skulen i fire dagar:  
20. aug.- Førebuarande møte med personalet

Mellom 20. august og 10. september vart det utarbeidd spørjeskjema som elevar og lærarar fylte ut. Utfrå konklusjonane der, vart det laga kriterium og teikn på god praksis innan temaet. Desse vart drøfta med skulen, og godkjende av dei.

#### Sjølve vurderingsdagane

10.sept.- Informasjonsinnhenting: Observasjon i 4. – 7. klasse  
Observasjon i 1. – 3. klasse  
- Informasjonsbearbeiding.  
- Planlegging av fokus for neste dag.

11. sept.- Informasjonsinnhenting: Observasjon i klassane  
Elevintervju  
Lærarintervju



## *Hardanger / Voss kompetanseregion* *Vurderingsgruppa*

- Informasjonsbearbeiding.
- Vurdering.

12. sept.- Rapportskriving.

- Framlegging og gjennomgang av førebels rapport, saman med lærarkollegiet.

### **Metode**

*Tema og tid til rådvelde verkar inn på val av metode. Vanlege metodar er dokumentanalyse, spørjeskjema, krysskjema, individuelle- og gruppesamtalar, møte og observasjon.*

I denne vurderinga er følgjande metodar nytta:

#### Dokumentanalyse

Skulen sende vurderingsparet diverse relevante dokument, til dømes verksemdsplan og prosjektplanar.

#### Spørjeskjema

I forkant av skulebesøket sende vurderingsparet ut 2 ulike spørjeskjema om prosjektarbeid. Det eine vart fylt ut av elevane i 6. og 7. klasse. Det andre spørjeskjemaet var retta mot lærarane ved skulen.

#### Oppsummering av spørjeskjema

Oppsummeringa gav – overflatekunnskap om prosjektarbeid på skulen

- innblikk i kva fase i prosjektarbeid som var problematiske
- innblikk i læringsmåtar

#### Kriterium og teikn på god praksis

Vart utarbeidd med utgangspunkt i L-97, skulen sine planar og resultat av spørjeundersøkinga.

#### Verktøy for vidare informasjonsinnhenting

For å kunna gjera djupdykk i temaet, laga vurderingsparet samtaleguidar for samtalar med dei tilsette og elevane. Vi laga også eit observasjonsskjema til observasjon av elevar og lærarar under arbeid med prosjektet.

#### Vurdering

Vurderingsparet føretok ei vurdering, ved å spegla utsegnene frå lærarane og elevane mot utarbeidde kriterium og teikn på god praksis.

Utfrå vurderinga vart det trekt ein konklusjon.



## *Hardanger / Voss kompetanseregion* *Vurderingsgruppa*

### **7 SKULEN SINE STERKE SIDER INNAN TEMAET**

- Skulen har ein strukturert og god plan innan prosjektarbeid.
- Elevane har god tilgang på hjelpemiddel, som bøker, datatilgang m.m.
- Skulen har tydelege vaksne som har fokus på læraren som rettleiar
- Elevane meistrar ulike typar informasjonsinnhenting

#### Elles:

- Skulen har tydelege vaksne som syner omsut
- Skulen har trygge elevar, med evne til å formulera seg
- Det er ein god omgangstone på skulen
- Elevane er flinke til å hjelpa kvarandre på tvers av klassestega

### **8 SKULEN SINE UTVIKLINGSOMRÅDE INNAN TEMAET**

- Skulen må gjennomføra prosjektarbeid fleire gonger i året, for å gjera elevar og lærarar trygge på metoden.
- Skulen må trenast seg på å fokusera meir på presentasjon av produktet i prosjektarbeid, slik at elevane skal prestera noko, læra noko og formidla denne læringa.
- Elevane må få trening i å planleggja og setja seg læringsmål for prosjektet sitt.
- Skulen må vurdere å henta prosjekttema frå nærmiljøet, for at elevane får ei forståing av læringsmål, og at andre i nærmiljøet vil vera interesserte i produktet dei lagar, jmf. L-97 side 61 og 77.
- Eitt anna utviklingsområde er å drøfta ulike læringsstrategiar, til dømes at alle lærarane drøftar korleis dei skal ta vare på og utvikla elevane si evne til fabulering, og til å undra seg.

Vines 12. september 2002

Turid Solberg Mykkeltvedt  
vurderingsgruppa

Aud Opheim Lygre  
vurderingsgruppa



*Hardanger / Voss kompetanseregion*  
*Vurderingsgruppa*